

STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

KONTROLLUTVALET I STRYN KOMMUNE

Møtestad:	Møterom 3108	Møtedato:	12.01.2012	Frå kl. :	10:15
Kommunehuset				Til kl. :	12:50

Faste medlemmer i Kontrollutvalet :	Møtte:	Forfall:	Merknader :
Rune Myklebust	X		
Aud Jorunn Hool Egge	X		
Henny Karin B Staalnacke	X		
Rune Holen		X	
Oddvar Bergset	X		

Varamedlemmer :	Møtte:		
Knut Johan Tjugen			
Eli Følven			
Terje Solvang			
Jørn Ola Svingeset			
Otto Rune Vik			
Tor Bjerknes			
Rasmus Guddal	X		
Matias Magne Sølvberg			
Margun Skiftesvik			
Arild Kåre Abrekk			

Ordføreren har møte og talerett i utvalet:

Ordfører Sven Flo og rådmann Per Kristian Storevik får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møte.

Andre som møtte :

SEKOM-sekretariat Vidar Øvrebø
Helse og sosialsjef Berit Wetlesen møtte i sak 003/12

Saker som vart handsama / drøfta i møtet :

SAKLISTA I MØTET :

001/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
002/12 Skriv og meldingar
003/12 Orientering om RO-rapporten
004/11 Møteplan for kontrollutvalet i Stryn 2012.
005/11 Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Stryn.
007/11 Oppfølgingsliste 1-2012 Stryn.
008/11 Eventuelt.

Merknader :


Det var ingen merknader til innkalling eller saksliste


UNDERSKRIFTER : 6783 Stryn


Rune Myklebust, leiar


Aud Jorunn Hool Egge


Henny Staalnacke


Rasmus Guddal


Oddvar Bergset


Vidar Øvrebø, sek.

001/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKSLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 05.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	12.01.2012	001/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Det var ingen merknader til innkalling eller saksliste.

002/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 05.01.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	12.01.2012	002/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 01-12: Vedtak kst sak 099/11 Val av styremedlem og personleg varamedlem for perioden 2011 - 2015.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

003/12 ORIENTERING OM RO-RAPPORTEN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 05.01.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	12.01.2012	03/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- E-post frå kontrollutvalet til rådmann.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 031/11 Orientering om RO- rapporten.
- Kontrollutvalsak 013/10 "Kontrollutvalsarbeid tiltak"

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Administrasjonssjefen si orientering vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Orientering om RO- rapporten vert teken til vitande.

ORIENTERING OM RO-RAPPORTEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Rådmann orienterer om RO- rapporten.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalssak 013/10 "Kontrollutvalsarbeid tiltak" 18.11.2010 vart det gjort vedtak om å innføre ordning med å kalle inn rådmannen for å få orientering om drifta på dei ulike områda i kommunen.

I kontrollutvalssak 31/11 "Orientering om RO- rapporten" 23.11.2011 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

" Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om kva som er gjort i høve til RO-rapporten.

Rådmann i Stryn kommune er pr. E-post 16.12.11 varsla om at ein vil bli kalla inn til neste møte i kontrollutvalet, og at ein førebur ei kort orientering om RO-rapporten.

Rådmann vart i E-post nemnt ovanfor orientert om at neste møte i kontrollutvalet skal vere 12.01.2012.

004/12 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I STRYN 2012

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 05.01.2011

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	12.01.2012	004/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan for kontrollutvalet i 2012.
- Møteplan Stryn kommune

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Stryn for 2012 vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Møteplan for kontrollutvalet i Stryn for 2012 vert godkjent.

Saksutgreiing

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I STRYN 2012

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Stryn for 2012.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2012 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og bystyremøte. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinnkalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL STRYN KOMMUNE 2012

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL	12.			26.		14.			6.		23.	
FORMANNSKAP	18.	8./29.	21.	25.	16.	19.		29.	26.	18./31	14./28.	5.
KOMMUNESTYRE	25.		28.		9.	27.			19.		7.	19.

005/12 ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I STRYN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 05.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	12.01.2012	005/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2011 frå kontrollutvalet.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Stryn kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet i Stryn kommune vert godkjent.

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET I STRYN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet til kommunestyret

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemmer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Stryn kommunestyre

ÅRSMELDING 2011 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Stryn kommune har i år 2011 vore samansett slik:

Fram til 11.10.2011

Medlemer:

Rune Myklebust (leiar)

Arve Glomnes (nestleiar)

Randi Bjørset

Vara medlemer:

Henny Staalnacke

Margun Skiftesvik

Reidar Holen

Frå 11.10.2011

Medlemer:

Rune Myklebust

Aud Jorunn Hool Egge

Henny Karin B Staalnacke

Rune Holen

Oddvar Bergset

Vara medlemer:

Knut Johan Tjugen

Eli Folven

Terje Solvang

Jørn Ola Svingeset

Otto Rune Vik

Tor Bjerknes

Rasmus Guddal

Matias Magne Sølvberg

Margunn Skiftesvik

Arild Kåre Åbrekk

:

SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø og Asgeir Tveit har vore sekretariat for kontrollutvalet i 2011.

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2011 har kontrollutvalet i Stryn halde fire møter der det er handsama i alt 31 saker.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kontrollutvalet har i 2010 tinga forvaltningsrevisjonsprosjektet "Vurdering av rutinar og system for innkjøp av utstyr og inventar i skulane i Stryn kommune". Rapport for prosjektet vart levert kontrollutvalet i mai 2011 og rapporten vart oversendt til kommunestyret for handsaming.

Kontrollutvalet tinga i 2010 eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS. Dette var eit samarbeidsprosjekt med dei andre eigarkommunane i Sunnfjord, Nordfjord og Ytre Sogn. Kontrollen vart gjennomført av SEKOM-sekretariat. Rapporten vart sendt over til kommunestyret for handsaming den 15.juni.2011.

Kontrollutvalet har teke opp sak om endring av økonomireglementet ved at det vert innarbeid i rutinen for investeringsprosjekt at sluttrapportar og sluttrekneskapar etter investeringsprosjekt skal via kontrollutvalet for uttale før det går til vidare politisk handsaming. Tilråding vart sendt til kommunestyret 4. februar 2011.

I møtet den 23.11.2011 tinga kontrollutvalet overordna analyse som grunnlag for forvaltningsrevisjon for valperioden 2011 – 2015 frå Kommunerevisjonen i Nordfjord. Kontrollutvalet har vedteke å ikkje tinge nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt før overordna analyse er ferdig og plan for forvaltningsrevisjons for perioden 2011 – 2015 er vedteken av kommunestyret.

Kontrollutvalet har i 2011 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i 2012. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert på, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett. Denne tilrådinga frå kontrollutvalet skal vere vedlagt kommunen si budsjettsak når formannskapet gjev tilråding til kommunestyret i saka og når kommunestyret gjer vedtak i saka.

Kontrollutvalet har gjeve uttale til årsrekneskapen 2010 for Stryn kommune.

Kontrollutvalet tinga undersøking frå kommunerevisjonen i Nordfjord om vedtak om å gje Stryn Turløyper AS eit årleg tilskot på kr. 150 000,- er i tråd med Lov om offentlege anskaffelsar. Svaret frå revisor var at tildelinga ikkje er regulert av denne lova.

Kontrollutvalet si tilråding i sak om «Auke i tal medlemmer i kontrollutvalet» var å auke tal medlemmar frå tre til fem frå komande valperiode.

Kontrollutvalet sendte innspel til kommunen vedrørande val av kontrollutval i førekant av valet.

Kontrollutvalet vedtok at dei har som intensjon at faste medlemmar i kontrollutvalet skal delta på kontrollutvalsopplæring på Skei den 23.01.2012.

I første møte med nytt kontrollutval orienterte Sekom-sekretariat om sekretariatet, møterutinar og rolla og oppgåvene til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet vedtok i november 2011 at møta i kontrollutvalsmøta i Stryn kommune skal gå for opne dører.

Kontrollutvalet har bede om ei orientering frå rådmannen om RO-rapporten til første møte i kontrollutvalet i 2012.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet «Godkjenning av innkalling og sakliste», «Skriv og meldingar», «Oppfølgingsliste» og «Eventuelt».

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutval i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn


Utover det som er omtalt ovanfor har kontrollutvalet handsama "Møteplan for kontrollutvalet 2011", "Vurdering av revisor sin ubundenskap", "Årsmelding 2010 frå kontrollutvalet" og "Årsrekneskapen 2010 for Stryn kommune".

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.


Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom å følge med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Stryn den 12. januar 2012.


Rune Myklebust
Leiar


Aud Jorunn Hødd Egge


Henny Karin B Staalnacke


Rasmus Guddal


Oddvar Bergset

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

006/12 OPPFØLGINGSLISTE 1-2012 - STRYN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebøt. SEKOM- sekretariat
Dato: 05.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	12.02.2012	006/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2012 Stryn.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 1-2012 - Stryn vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Oppfølgingsliste 1-2012 - Stryn vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 1-2012 - STRYN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 05.01.2012.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2012 - Stryn.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Stryn kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

013/10 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	25.11.10		25.11.10 KU vedtak – - Det vert innført ordning med å kalle inn rådmannen for å få orientering om drifta på dei ulike områda i kommunen. - Det vert innført ordning med å leggje tertialrapportar fram for kontrollutvalet som skriv og melding. - Det vert innført ordning med å leggje tilsynsrapportar frå fylkesmannen og andre fram for kontrollutvalet som skriv og melding. - Kontrollutvalet ber Nordfjord kommunerevisjon om å leggje fram rapportar etter kvalitetskontrollar i høve til rekneskapsrevisjon og forvaltingsrevisjon i Stryn kommune fortløypande. - Kontrollutvalet ber Nordfjord kommunerevisjon om å orientere om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjon ein til to gonger i året. Vidare vil kontrollutvalet be Nordfjord kommunerevisjon om ei generell orientering om revisjonsarbeidet.
015/11 Auke tal medlemer i kontrollutvalet	14.06.11		14.06.11 Tilråding til kst. 15.06.11 s Stryn kommune 14.07.11 E-post til Stryn kommune – korleis vert saka handsama vidare? 19.08.11 E-post til Stryn kommune- purring. 19.08.11 E-post frå Stryn kommune – vert teke opp i smb med konstitueringa. 11.10.11 Vedtak kst sak 053/11 Val av kontrollutval 2011 -2015.
018/11 Skriv og meldingar	08.09.11		08.09.11 Vedtak KU – Teke til vitande.
019/11 Rapport forvaltningsrevisjon – Vurdering av rutinar og system for innkjøp av utstyr og inventar.	08.09.11		08.09.11 Tilråding til kst. 08.09.11 s/kst 20.09.11 Vedtak kst sak 046/11 Forvaltningsrevisjonsrapport – Vurdering av rutinar og system for innkjøp av utstyr og inventar i skulane i Stryn kommune.
020/11 Budsjett drift av kontrollutvalet 2012.	08.09.11		08.09.11 Tilråding til kst. 08.09.11 s/kst.
021/11 Oppfølgingsliste 3-2011 - Stryn	08.09.11		08.09.11 Vedtak KU – Teke til vitande.
022/11 Eventuelt	08.09.11		08.09.11 Vedtak KU - Tok orientering frå rdm i smb med driftsrapport til vitande. - Ta opp sak om innspel til kommune vedr val av kontrollutval med meir.
023/11 Innspelt til kommunen vedrørende val av kontrollutval med meir	08.09.11		08.09.11: Vedtak KU – Sende hovudpunkta i innspelet om val av kontrollutval frå FKT i brev av 2. sep – 11 til kommunen. 08.09.11 s e-post til kommunen.
024/11 Skriv og meldingar	23.11.11		23.11.11 Vedtak KU – Teke til vitande
025/11 Opplæring	23.11.11		23.11.11 Vedtak KU – Faste medlemer delta på seminar 23.01.2012.

026/11 Opne eller lukka møte i kontrollutvalet.	23.11.11		23.11.11 Vedtak KU – Opne møte.
027/11 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt.	23.11.11		23.11.11 Vedtak KU – Utset saka til plan for fv er vedteken av kst.
028/11 Overordna analyse.	23.11.11		23.11.11 Vedtak KU – Tinga OA av KIN.
029/11 Oppfølgingsliste 4-2011 – Stryn	23.11.11		23.11.11 Vedtak KU – Oppfølgingsliste teken til vitande.
030/11 Eventuelt.	23.11.11		23.11.11 Vedtak KU – Skrive noko om kontrollutvalet på heimesida til Stryn kommune. 23.11.11 s. e-post til Stryn kommune.
031/11 RO-rapporten	23.11.11		23.11.11 Rådmannen vert kalla inn til neste møte for å orientere om RO-rapporten. 16.12.11 Brev til Stryn kommune.

Oppdatert 05.01.12.

007/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 05.01.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	12.01.2012	007/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Kontrollutvalet vedtek å avvikle ordning med at medlemmane skal orientere om saker frå andre utval i kommunen.
- Sekretariatet får i oppgåve å melde frå til Stryn kommune om dette.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.